

Mjelstad og Stokke Rørleggerforretning AS  
Fotlandsvegen 39  
5282 Lonevåg

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2211 - 22/24104

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
24.03.2022

## **Svar på søknad om endring av utslepp av oljehaldig avløpsvatn - gbnr 137/772 Alver**

**Tiltak:** Utslepp av oljehaldig avløpsvatn  
**Byggjestad:** Galteråsen 15A-D – GBNR 137/772  
**Tiltakshavar:** Entreprenørparken AS  
**Ansvarleg søker:** Mjelstad og Stokke Rørleggerf. AS

Saka gjeld søknad om endring av utslepp av oljehaldig avløpsvatn på gbnr 137/772, datert 08.03.2022.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

I samband med ny verkstadsbygning vil eksisterande utvendig vaskeplass utgå og vert erstatta av ny innvending vaskehall på 195 m<sup>2</sup>. I samband med dette søkes det om endring av tidlegare gitte løyve datert 22.11.2019.

#### Vurdering/samandrag:

Eksisterande utvendig vaskeplass vert fjerna og erstatta av ny vaskehall på 195 m<sup>2</sup>. Eksisterande anlegg er ei NS 30 som fremdeles skal nyttast. Samfersel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert anlegg på nytt ut i frå ny søknad med berekningsgrunnlag. Det er i søknad opplyst om at bygget har ei innvending vaskehall på 195 m<sup>2</sup> og 3 smørehaller.

Følgjande utstyr skal nyttast i bygget:

- 1 stk høgtryppspylar
- 4 stk slangekraner DN 25 (3/4")

#### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune finn det forsvarleg å gje endringsløyve for oljeutskiljar med nominell størrelse NS 30 på vilkår.

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

## **Vedtak:**

Alver kommune gjer med heimel i «forskrift om påslipp/utslipp av olje- og fetthaldig avløpsvatn for Alver kommune» vedtak om endring av løyve til påslepp av oljehaldig avløpsvatn på kommunalt nett.

## **Løyve til påslepp vert gitt på følgjande vilkår:**

### **Anlegget er godkjent ut i frå følgjande utstyr:**

Løyve vert gitt ut i frå innsendt berekningsgrunnlag og er godkjent for følgjande utstyr:

- 1 stk høgtryppspylar
- 4 stk slangekraner DN 25 (3/4")

Ved endringer i bruk av oljeutskiljar og utstyr som skal nyttast, skal kommunen ha melding om dette slik at anlegget kan vurderast på nytt.

### **Tømmefrekvens:**

Anlegg skal tømmast minimum 1 gong per år og elles når det måtte være nødvendig. Olje som vert halde tilbake i anlegg vert rekna som farleg avfall og skal leverast til godkjent mottak. Verksemden skal ha dokumentasjon på dette.

### **Vedlikehald av anlegg:**

Anlegget skal reingjerast og kontrollerast **minimum 1 gong per år**. Dette arbeidet kan utførast i samband med tømming av anlegg. Opplysninga om kontrollen kan førast på tømmerraportskjemaet.

### **Tømmeavtale:**

Det skal til ein kvar tid ligge føre godkjent tømmeavtale. Kommunen skal ha kopi av avtalen. Avtale skal leverast inn saman med ferdigmeldinga.

### **Prøveanalyse:**

Det skal takast **minimum 2 representative prøver** av avløpsvatnet per år (sommar/vinter). Prøven skal takast frå prøvetakingskum, og rett før anlegg vert tømt. Prøven skal analyserast av godkjent laboratorium. Ved høge utsleppsverdier ( $>50 \text{ mg/l}$ ) skal talet på prøver aukast. Kommunen skal ha melding om dette

### **Bruk av vaskemidler:**

Bruk av vaskemidler fører til at olje vert vaskeleg å skilje ut i anlegg. Berre vaskemidlar som er godkjent for oljeutskiljaranlegg skal nyttast og bruken av disse skal avgrensast til eit minimum. Anleggseigar skal gå i dialog med kjemikalieleverandør, evt. anna kompetanse på området, for å optimalisere bruken av kjemikalier. Vi gjer merksam på at ein del kjemikalier vil redusere anlegget sin reinseffekt.

### **Ferdigmelding:**

Det skal sendast inn ferdigmelding for utført arbeid før anlegg vert teke i bruk. Ferdigmelding skal inneholde «As built» teikningar, situasjonskart som viser plassering av anlegg og leidningsnett frå veggiv til tilknytingspunkt på kommunalt leidningsnett. Prosjektteikningar kan leggast ved, men vil ikkje erstatte situasjonsplan. Det skal leverast sosifil med innmålingsdata for anlegg og leidningar i grunnen.

### **Internkontoll:**

Anleggseigar skal ha jamleg ettersyn av anlegg for å unngå driftsproblem. Anleggseigar skal sørge for at anna avfall ikkje vert ført til anlegget. Verksemden skal ha ei kontaktperson som skal følgje opp anlegg mot kommunen.

**Driftsjournal:**

For anlegget skal det først driftsjournal. I driftsjournal skal det først opp når anlegg vart tømt, kor mykje olje som er tømt og når anlegg er reingjort og kontrollert.

**Årsrapport:**

Det skal kvart år sendast inn årsrapport for anlegget til kommunen. Rapporten skal være kommunen i hende **seinast 1 februar påfølgjande år.**

**Med årsrapport skal det leverast inn følgjande dokumentasjon:**

- Tømmerrapport – mende olje tømt i oppsamlingstankt og mende tømt i sandfant skal opplysast.
- To prøveanalyser (sommar-/vinterprøve) – dokumentasjon på utført analyse frå laboratorium skal leggast ved årsrapporten.
- Kopi av driftsjournal/internkontrolljournal

**Endring av gitte løyve:**

Dette løyve erstatter gitte løyve av 22.11.2019

Det er med heimel i lokal forskrift om «påslipp/utslipp av olje- og fetthaldig avløpsvann - Alver kommune» og «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelsen» at Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning sett krav til oljeutskiljaranlegg som skal ha utslepp av oljehaldig avløpsvatn på kommunalt nett. Føremål med krava er å sikre at olje vert skilt ut i frå avløpsvatnet før dette vert ført ut på kommunalt nett og påfører dette og renseanlegg skader.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagan er postlagt innan fristen går ut. I klagan skal det komme fram kva som vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagan skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fyllt ut, jf. fvl § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Entreprenørparken AS

Kvassnesvegen  
33

Isdalstø

**Mottakarar:**Mjelstad og Stokke  
Rørleggerforretning ASFotlandsvegen  
39

Lonevåg